



Kari Rougne  
Vulkan 32  
0178 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4024 - 23/73641

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
21.09.2023

## Ferdigattest avlaupsgørft og vassledning - gbnr 355/22 Skjelanger

**Administrativt vedtak:** Saknr: 984/23  
**Tiltakshavar:** Kari Rougne  
**Ansvarleg søkjar:** Jens H N Bjordal  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK

**Det vert gjeve ferdigattest for avlaupsgrøft og vassledning på gbnr 355/22.**

**Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt.

Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 20.05.2022.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.09.2023 og supplert 21.09.2023.

Graving av avlaupsgrøft og legging av vassledning til gbnr. 355/22 (Skjelangervegen 1007), der tilkopling er gjort på gbnr. 355/7 (Paradisvegen 10).

### Skildring

Adresse:	Skjelangervegen 1007
Bygningstiltak:	Avlaupsgrøft og legging av vassledning

Bygningsnummer:	176001003
Bruksareal:	
Avlaup:	Privat
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	

## GENERELL INFORMASJON

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4024

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Jens H N Bjordal	Grønlandsvege 5918	FREKHAUG
	n 11	
Kari Rougne	Vulkan 32 0178	OSLO